



Fedje kommune

Saksbehandlar, innvalstelefon

Marit Lunde, 57 64 30 05

Fedje kommune - budsjett og økonomiplan

Innleiing

Fedje kommunestyre har i møte 12.12.2019, sak 097/19, handsama og vedteke budsjett for 2020 og økonomiplan for 2020 – 2023. Fylkesmannen har motteke saksdokumenta til orientering.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrert). For alle kommunar kontrollerer Fylkesmannen at budsjett og økonomiplan er i balanse. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis Fylkesmannen vurderer kommunen sin økonomi og utviklinga slik den er planlagt i budsjett og økonomiplan. Der det er manglar etter forskrift om budsjett og økonomiplan, har vi påpeika dette og bede kommunane følgje opp.

Oppsummering

Det er budsjettert med positive netto driftsresultat i heile planperioden, og for budsjettåret 2020 ligg resultatet over det anbefalte nivået frå TBU (Teknisk berekningsutval) på 1,75 prosent. Kommunen legg opp til eit stramt budsjett for å vidareføre tenestenivået på om lag same nivå som tidlegare år. Investeringar blir lagt opp etter dette, og det er berre budsjettert med låneopptak til investeringar dei to siste åra i perioden. Investeringar i 2020 og 2021 blir finansiert ved bruk av fond/overføring frå drift. Utfordringsbildet ligg i nedgang i folketalet og demografi, og lite reservar til å møte uføresette utgifter.

Budsjett 2020

Dei frie inntektene (rammetilskot og skatt) er budsjettert om lag etter prognosemodellen til KS etter statsbudsjettet. Samla overføringar til dei ulike tenesteområda er om lag 650 000 kroner lågare enn budsjett for 2019. Dei største endringane er ein auke innanfor budsjettet for pleie og omsorg og sosialtenester, og nedgang på tenesteområdet rådmann. Det går ikkje fram av dokumenta kor mykje ein reknar med som utbetaling frå Havbruksfondet i 2020. Utbetaling frå Havbruksfondet var på om lag 2,2 mill. kroner i 2018 og 173 337 kroner i 2019.

Kommunen har ikkje budsjettert med opptak av lån til å finansiera årets investeringar. Det er lagt opp til investeringar for 3,5 mill. kroner som skal finansierast med overføring frå drift/bruk av fond. Fedje har ei langsiktig lånegjeld (eks. pensjonsutgifter) på 34,1 mill. kroner ved utgangen av 2019. Den største



investeringa i 2020 er til prosjekt Rekreasjon i tettstad, med bl.a. tømmeanlegg for bular, i tillegg til VAR og ny varebil.

Fylkesmannens vurdering

Kommunen budsjetterer omlag i samsvar med prognosemodellen til KS etter statsbudsjettet. Overføring til dei ulike tenesteområda er lagt opp etter dette. Årets investeringar vil ikkje føre til auka utgifter i form av renter og avdrag eller andre driftsutgifter. I statistikkbanken til SSB finn vi at langsiktig gjeld (eks. pensjon) i prosent av brutto driftsinntekter utgjør 41,8 prosent, etter førebelse tal for 2019, medan talet for landet (eks. Oslo) utgjør 102 prosent. Det budsjetterte netto driftsresultatet på 2,9 mill. kroner blir fordelt til disposisjonsfond og overføring til investeringsrekneskapet.

I eigedomsskattelova går det fram at kommunestyret kvart år i samband med budsjettet, skal fastsetje kva satsar og reglar som skal nyttast ved utskriving av eigedomsskatt for det komande skatteåret. Det er ønskeleg at dette kjem fram i vedtaket til kommunestyret, og omtalt i budsjettdokumentet. Dersom kommunen har vedteke eiga forskrift for eigedomsskatt i kommunen bør dette også gå fram i denne. Vi har elles ingen merknader til budsjettet for 2020.

Økonomiplan 2020 - 2023

Økonomiplanen viser positive netto driftsresultat i heile planperioden. Resultata ligg under anbefalt nivå, og er planlagt overført til investeringsrekneskapet. Det er berre lagt opp til låneopptak i dei to siste åra av perioden, med samla 2 mill. kroner. Dette betyr at lånegjelda vil gå ned og at utgifter til avdrag og renter ikkje aukar i perioden. Overføringer til tenesteeiningane viser om lag same nivå i planperioden, sett bort ifrå prisstigning og aktivitetsnivå.

Fylkesmannens vurdering

Kommunen legg opp til stramme budsjett i perioden for å oppretthalde tenestenivået på om lag same nivå som tidlegare år. Investeringar blir lagde opp etter dette. Førebels resultat for 2019 viser eit meirforbruk på ca. 1,5 mill. kroner som må dekkast inn. Samla reserver på disposisjonsfond blir dermed reduserte, men kommunen ligg likevel på anbefalt nivå med eit disposisjonsfond på ca. 5 prosent av samla driftsinntekter.

I ny kommunelov blir det lagt vekt på at kommunestyret skal vedta finansielle måltal for utviklinga av kommunens økonomi. Dette gjeld spesielt for netto driftsresultat, langsiktig gjeld, disposisjonsfond og utvikling i folketallet. Netto driftsresultat i prosent av brutto inntekter er med i dokumentet, og folketalsutvikling og demografi er godt belyst. For seinare år kan det vere greitt at de også tek med langsiktig gjeld (jamfør § 5-7 i forskrift om budsjett og økonomiplan), og disposisjonsfond i prosent av brutto inntekter. Budsjett- og økonomiplandokumenta er elles i samsvar med lov og forskrift, og er ryddige og oversiktlege.

Med helsing

Lars Sponheim

Gunnar O. Hæreid
ass. fylkesmann

Dokumentet er elektronisk godkjent